



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Volda samfunnshus, festsalen
Dato:	18.06.2026
Tid:	kl. 13.00

Frammøtte	Representerer	Funksjon
Connie Steffenakk Bakke	Ap	medlem
Roger André Solheim	Ap	medlem
Sverre Leivdal	Ap	varaordfører
Bjørnar Fylling	Frp	medlem
Elin Løvøy Wilhelmsen	Frp	medlem
Synnøve Mikkelsen Leirvik	Frp	medlem
Dan Helge Bjørneset	H	medlem
Edvin Dale	H	medlem
Heidi Berg-Rusten Grevstad	H	medlem
Sindre Rotevatn	H	medlem
Anders Egil Straume	KrF	medlem
Henning Holsvik	KrF	medlem
Henriette Hafsaas	MDG	medlem
Hans Peter Eidseflot	SP	medlem
Ingrid Salt	SP	medlem
Ola Perry Saure	SP	medlem
Rebecca Riise Bjerknes	SP	medlem
Sølvi Dimmen	SP	ordfører
Åsmund Seljeset	SP	medlem
Anne Karin Espe	SV	medlem
Gunnar Strøm	SV	medlem
Jan Erik Stokkeland	SV	medlem
Kari Aslaug Hasle	SV	medlem
Finn Arne Follestad	UAV	medlem

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Connie S. Bakke til kl. 15.05	Ap	Elsa Raftevoll	Ap
Lars Alv Haugen	Ap	Jan Henning Egset	Ap
Margrete Trovåg	Ap	Ingunn Arnesen	Ap
Asbjørn Tore Humberset	Frp	Egil Berg	Frp
Thore Heggen	H	Petter Espe	H
Dagfinn Kristiansen	INP	Ove Rand	INP
Jørund Stig Knardal	KrF	Gunstein Ohma til kl. 15.50	KrF

Gudrun Kløve Juuhl	R	Kirsti Kvakland frå kl. 15.50	
Olin Bruheim Løvlid	SP	Tor Erik Aasen til kl. 16.30	R
Stig Helland	V	Ottar Arve Bjørkedal	SP
		Benedikte Holmberg	UAV

Frå administrasjonen møte:

Cecilie Bjørlykke – avdelingsleiar skule
Marte Jelle – leiar NAV Ørsta-Volda
Per Ivar Kongsvik – kommunalsjef oppvekst
Rune Sjurgard – kommunedirektør
Svein Berg-Rusten – kommunalsjef helse og omsorg
Tor Halvar Botnen – kommunalsjef samfunnsutvikling
Sonja Håvik – møtesekretær

Inhabile	Sak	Merknad
Hans Peter Eidseflot	45/26	Dagleg leiar i Volda og Ørsta reinhaldsverk, har vore delaktig i saka, jf. fvl. § 6, 2. ledd.
Jan Henning Egset	45/26	Styremedlem i Volda og Ørsta reinhaldsverk, jf. fvl. § 6, 2. ledd.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 41/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/1934
PS 42/26	Godkjenning av protokoll	26/1934
PS 43/26	Orienteringar	26/1934
OS 33/26	Korps i skulen ved Mork skule	25/726
OS 38/26	Orientering NAV	26/1934
OS 34/26	Møtereferat Tverrkommunal politisk arbeidsgruppe 12.05.26	20/4856
OS 35/26	Melding om vedtak - Mellombels endring av skjenketider under fotball-VM 2026	26/1539
OS 36/26	NOU 2026:6 Den nye velferdskommunen	19/10189
OS 37/26	Årsmelding Helsefellesskap - orientering til kommunestyre og helseutval i kommunane	22/1335
OS 39/26	Vurdering av forskingsprosjektet Back2School	26/1785
OS 40/26	Status og utfordringsbilete i helse- og omsorg	26/1934
PS 44/26	Endring av prismodell for kommunale bustadfelt	26/1576
PS 45/26	Samarbeid om tilsyn etter forureiningslova	24/2587
PS 46/26	Søknad frå VTI Allidrett om forskottering av spelemidlar	26/1108
PS 47/26	Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane	20/5184
PS 48/26	Lokal forskrift om utvida bandtvang på hund i Volda kommune	25/3463
PS 49/26	Samarbeid Volda og Ørsta	20/4856
PS 50/26	Høyringssvar til forskrift om minimumskrav til nullutsleppsløysingar og biogass ved offentlege anskaffingar av bygge- og anleggsarbeid	26/1935

Sølvi Dimmen
ordfører

PS 41/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Behandling:

Ordføraren informerte om to ettersendte saker:

- OS 39/26 Vurdering av forskingsprosjektet Back2School
- OS 40/26 Status og utfordringsbilete i helse- og omsorg

PS 42/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Møteprotokollen frå møte 28.05.2026 vart godkjent.

PS 43/26 Orienteringar

OS 33/26 Korps i skulen ved Mork skule

Elevar får Mork skule hadde eit musikkinnslag for kommunestyret.

Avdelingsleiar for skule, Cecilie Bjørlykke, orienterte om korps i skulen. Kommunestyret gav uttrykk for at korps i skulen er eit positivt tiltak både for borna og for rekrutteringa til korpsa, og meinte at satsinga bør førast vidare.

OS 38/26 Orientering NAV

Leiar for NAV Ørsta-Volda, Marte Jelle, orienterte.

OS 34/26 Møtereferat Tverrkommunal politisk arbeidsgruppe 12.05.26

OS 35/26 Melding om vedtak - Mellombels endring av skjenketider under fotball-VM 2026

OS 36/26 NOU 2026:6 Den nye velferdskommunen

OS 37/26 Årsmelding Helsefellesskap - orientering til kommunestyre og helseutval i kommunane

OS 39/26 Vurdering av forskingsprosjektet Back2School

Kommunalsjef oppvekst Per Ivar Kongsvik orienterte.

OS 40/26 Status og utfordringsbilete i helse- og omsorg

Kommunalsjef helse og omsorg, Svein Berg-Rusten, orienterte.

PS 44/26 Endring av prismodell for kommunale bustadfelt

Vedtak:

Kommunestyret vedtek omgjerung av dagens prismodellar for dei kommunale bustadfelte i Volda kommune til ny, felles modell med gjennomsnittleg kvadratmeterpris per bustadfelt. Den gjennomsnittlege kvadratmeterprisen er basert på alle tomteprisane i det aktuelle feltet rekna ut etter dagens prismodell. Det gir følgjande kvadratmeterprisar:

- Engeset/Klepp:	1.070,43,- per m2
- Bratteberg:	530,87,- per m2
- Gjerdeplassen på Fyrde:	244,75,- per m2
- Fannemel:	241,41,- per m2
- Myraskogane:	151,95,- per m2
- Treneset:	274,04,- per m2
- Straumshamn:	165,12,- per m2
- Steinhaugen:	221,45,- per m2
- Gotene/Lid:	180,10,- per m2
- Kirkhornbakkane:	197,85,- per m2
- Revsholen:	214,74,- per m2
- Løvland (einebustadar):	924,- per m2
- Løvland (konsentrert):	1.484,56,-

Dei gjennomsnittlege kvadratmeterprisane skal gjelde frå vedtaksdato til og med 31.12.2026. Etter dette skal kvadratmeterprisane indeksregulerast årleg frå 01.01 i tråd med utviklinga i KPI for føregåande kalenderår (01.01 - 31.12).

For bustadfelte Straumshamn og Revsholen gjeld gjennomsnittleg kvadratmeterpris den kommunale delen av samla tomtepris. For desse to felte skal det i tillegg betalast grunnpris som tilkjem grunneigar sidan kommunen ikkje eig grunnen sjølv. Grunnprisen skal indeksregulerast i tråd med avtalane kommunen har inngått med grunneigarane.

Utover gjennomsnittleg kvadratmeterpris skal kjøpar betale alle omkostningar knytt til oppmåling, tinglysing av målebrev og skøyte, samt tilkopling til vatn- og avløpsanlegg i tråd med Volda kommune sine til ei kvar tid gjeldande satsar.

Prisen for den konsentrerte tomte på Engeset/Klepp og den konsentrerte tomte på Kirkhornsbakkane skal fastsettast gjennom eiga verdivurdering som innhentast i samband med sal.

Tidlegare vedtak om prisfastsetting gjerast om inkje.

Behandling:

Connie Steffenakk Bakke møtte kl. 15.50, vara Elsa Räftevold gjeikk. Gunstein Ohma (Krf) fekk permisjon kl. 15.50 og vara Kirsti Kvakland (Krf) møtte.

Votering

Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), H (5 stemmer), AP (5 stemmer), FrP (4 stemmer), SV (4 stemmer), KrF (3 stemmer), UAV (2 stemmer), MDG (1 stemme), INP (1 stemme), R (1 stemme)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 26.05.2026 - 97/26:

Kommunestyret vedtek omgjerung av dagens prismodellar for dei kommunale bustadfelt i Volda kommune til ny, felles modell med gjennomsnittleg kvadratmeterpris per bustadfelt. Den gjennomsnittlege kvadratmeterprisen er basert på alle tomteprisane i det aktuelle feltet rekna ut etter dagens prismodell. Det gir følgjande kvadratmeterprisar:

- Engeset/Klepp:	1.070,43,- per m2
- Bratteberg:	530,87,- per m2
- Gjerdeplassen på Fyrde:	244,75,- per m2
- Fannemel:	241,41,- per m2
- Myraskogane:	151,95,- per m2
- Treneset:	274,04,- per m2
- Straumshamn:	165,12,- per m2
- Steinhaugen:	221,45,- per m2
- Gotene/Lid:	180,10,- per m2
- Kirkhornbakkane:	197,85,- per m2
- Revsholen:	214,74,- per m2
- Løvland (einebustadar):	924,- per m2
- Løvland (konsentrert):	1.484,56,-

Dei gjennomsnittlege kvadratmeterprisane skal gjelde frå vedtaksdato til og med 31.12.2026. Etter dette skal kvadratmeterprisane indeksregulerast årleg frå 01.01 i tråd med utviklinga i KPI for føregåande kalenderår (01.01 - 31.12).

For bustadfelt Straumshamn og Revsholen gjeld gjennomsnittleg kvadratmeterpris den kommunale delen av samla tomtepris. For desse to felt skal det i tillegg betalast grunnpris som tilkjem grunneigar sidan kommunen ikkje eig grunnen sjølv. Grunnprisen skal indeksregulerast i tråd med avtalane kommunen har inngått med grunneigarane.

Utover gjennomsnittleg kvadratmeterpris skal kjøpar betale alle omkostingar knytt til oppmåling, tinglysing av målebrev og skøyte, samt tilkopling til vatn- og avløpsanlegg i tråd med Volda kommune sine til ei kvar tid gjeldande satsar.

Prisen for den konsentrerte tomta på Engeset/Klepp og den konsentrerte tomta på Kirkhornsbakkane skal fastsettast gjennom eiga verdivurdering som innhentast i samband med sal.

Tidlegare vedtak om prisfastsetting gjerast om inkje.

PS 45/26 Samarbeid om tilsyn etter forureiningslova

Vedtak:

Kommunestyret vedtar

1. å delta i tilsynsasamarbeidet på Søre Sunnmøre. Samarbeidet vert organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven §20-2.
2. samarbeidsavtalen for tilsyn av spredt avløp.
3. å legge **Forskrift om gebyrer for saksbehandling og kontroll etter forurensnings-regelverket, Volda kommune, Møre og Romsdal fylke** ut til offentlig ettersyn
4. at tilsynssamarbeidet skal vere sjølvkostfinansiert. Alle kostnader knytt til tilsynsaktiviteten skal dermed finansierast av gebyret tilsyn- og søknadsgebyr som tilsynet handsamar.
5. at tilsynssamarbeidet får tilsette inntil 2 personar og gjere innkjøp naudsynte for å drive tilsynsaktivitet, herunder også leige av lokale.
6. å delegere mynde og oppgåver til vertskommunen Volda etter følgjande lovverk og forskrifter, etter kommunelova **§ 20-2.Administrativt vertskommunesamarbeid, annet ledd:**
 - Forureiningsloven §7, §11, §18, §22 og §48
 - Kapittel 12, 13 og 15 i forureiningsforskrifta
 - Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg med unntak av §2 om kommunal overtaking av private avløpsanlegg.
 - Plan og bygningsloven §§20-1, 20-2, 21-2, 21-7, 21-4 og 27-2

Etter handsaming i kommunane vert avtalen oppdatert med dei kommunane som vert med i samarbeidet.

Inhabile	Merknader
Hans Peter Eidseflot	Dagleg leiar i Volda og Ørsta reinhaldsverk, har vore delaktig i saka, jf. fvl. § 6, 2. ledd.
Jan Henning Egset	Styremedlem i Volda og Ørsta reinhaldsverk, jf. fvl. § 6, 2. ledd.

Behandling:

Votering habilitet

Det vart røysta samla over habiliteten til Hans Peter Eidseflot (SP) og Jan Henning Egset (AP) og dei vart kjent inhabile med 28 stemmer, 3 stemmer mot (Sølvi Dimmen (SP), Connie Steffenakk Bakke (AP) og Ingunn Arnesen (AP)).

Forslag til vedtak

TREKT - Utsettingsforslag frå Ola Perry Saure (SP):

Kommunestyret ber om at saka vert utsett. Kommunestyret ber om at administrasjonen ser nærare på eit heilskapleg alternativ, der eksisterande aktørarar vert involverte, framfor å etablere eigne små og sårbare organ/fagmiljø med spesialområde.

Endringsforslag frå Sølvi Dimmen (SP):

Endring pkt 5.

at tilsynssamarbeidet får tilsette inntil 2 personar og gjere innkjøp naudsynte for å drive tilsynsaktivitet, herunder også leige av lokale.

Nytt forslag frå Henriette Hafsaas (MDG):

Nytt punkt 5: Kommunedirektør kan sette i gang tilsynsarbeidet etter behov (tilsetting og lokale).

Behandling

Ola Perry Saure (SP) fremma utsettingsforslag, som han seinare trekte.

Kommunalsjef samfunnsutvikling, Tor Halvar F. Botnen, orienterte.

Votering

Endringsforslaget frå Sølvi Dimmen (SP) fekk 22 stemmer og vart vedtatt, 9 stemmer mot, dermed falt forslaget frå Henriette Hafsaas (MDG).

Stemte for parti: SP (5 stemmer), H (4 stemmer), AP (4 stemmer), SV (3 stemmer), KrF (3 stemmer), FrP (1 stemme), UAV (1 stemme), INP (1 stemme)

Stemte mot parti: FrP (3 stemmer), MDG (1 stemme), R (1 stemme), SP (1 stemme), UAV (1 stemme), SV (1 stemme), H (1 stemme)

Stemte for personar: Connie Steffenakk Bakke (AP), Ingunn Arnesen (AP), Roger André Solheim (AP), Sverre Leivdal (AP), Bjørnar Fylling (FrP), Dan Helge Bjørneset (H), Edvin Dale (H), Petter Espe (H), Stein Gisle Monsholm (H), Ove Rand (INP), Anders Egil Straume (KrF), Henning Holsvik (KrF), Kirsti Oddhild Ytrestøl Kvakland (KrF), Ola Perry Saure (SP), Ottar Arve Bjørkedal (SP), Rebecca Riise Bjerknes (SP), Sølvi Dimmen (SP), Åsmund Seljeset (SP), Anne Karin Espe (SV), Gunnar Strøm (SV), Jan Erik Stokkeland (SV), Finn Arne Follestad (UAV)

Stemte mot personar: Egil Berg (FrP), Elin Løvøy Wilhelmsen (FrP), Synnøve Mikkelsen Leirvik (FrP), Sindre Rotevatn (H), Henriette Hafsaas (MDG), Tor Erik Aasen (R), Ingrid Salt (SP), Kari Aslaug Hasle (SV), Benedikte Holmberg (UAV)

Innstillinga frå formannskapet fekk 29 stemmer og vart vedtatt, 2 stemmer mot.

Stemte for parti: H (5 stemmer), SP (4 stemmer), AP (4 stemmer), SV (4 stemmer), FrP (4 stemmer), KrF (3 stemmer), UAV (2 stemmer), R (1 stemme), MDG (1 stemme), INP (1 stemme)

Stemte mot parti: SP (2 stemmer)

Stemte for personar: Connie Steffenakk Bakke (AP), Ingunn Arnesen (AP), Roger André Solheim (AP), Sverre Leivdal (AP), Bjørnar Fylling (FrP), Egil Berg (FrP), Elin Løvøy Wilhelmsen (FrP), Synnøve Mikkelsen Leirvik (FrP), Dan Helge Bjørneset (H), Edvin Dale (H), Petter Espe (H), Sindre Rotevatn (H), Stein Gisle Monsholm (H), Ove Rand (INP), Anders Egil Straume (KrF), Henning Holsvik (KrF), Kirsti Oddhild Ytrestøl Kvakland (KrF), Henriette Hafsaas (MDG), Tor Erik Aasen (R), Ola Perry Saure (SP), Ottar Arve Bjørkedal (SP), Rebecca Riise Bjerknes (SP), Sølvi Dimmen (SP), Anne Karin Espe (SV), Gunnar Strøm (SV), Jan Erik Stokkeland (SV), Kari Aslaug Hasle (SV), Benedikte Holmberg (UAV), Finn Arne Follestad (UAV)

Stemte mot personar: Ingrid Salt (SP), Åsmund Seljeset (SP)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 26.05.2026 - 100/26:

Kommunestyret vedtar

1. å delta i tilsynsasamarbeidet på Søre Sunnmøre. Samarbeidet vert organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven §20-2.
2. samarbeidsavtalen for tilsyn av spredt avløp.
3. å legge **Forskrift om gebyrer for saksbehandling og kontroll etter forurensnings-regelverket, Volda kommune, Møre og Romsdal fylke** ut til offentlig ettersyn
4. at tilsynssamarbeidet skal vere sjølvkostfinansiert. Alle kostnader knytt til tilsynsaktiviteten skal dermed finansierast av gebyret tilsyn- og søknadsgebyr som tilsynet handsamar.
5. at tilsynssamarbeidet får tilsette 2 personar og gjere innkjøp naudsynte for å drive tilsynsaktivitet, herunder også leige av lokale.
6. å delegere mynde og oppgåver til vertskommunen Volda etter følgjande lovverk og forskrifter, etter kommunelova **§ 20-2.Administrativt vertskommunesamarbeid, annet ledd:**
 - Forurensingsloven §7, §11, §18, §22 og §48
 - Kapittel 12, 13 og 15 i forurensingsforskrifta
 - Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg med unntak av §2 om kommunal overtaking av private avløpsanlegg.
 - Plan og bygningsloven §§20-1, 20-2, 21-2, 21-7, 21-4 og 27-2

Etter handsaming i kommunane vert avtalen oppdatert med dei kommunane som vert med i samarbeidet.

PS 46/26 Søknad frå VTI Allidrett om forskottering av spelemidlar

Vedtak:

Volda kommunestyre finn ikkje å imøtekomme søknad om forskottering av spelemidlar til Volda Turn og Idrettslag Allidrett.

Behandling:

Tor Erik Aasen (R) fekk permisjon kl. 16.30.

Votering

Innstillinga frå formannskapet fekk 24 stemmer og vart vedtatt, 8 stemmer mot.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), AP (4 stemmer), H (4 stemmer), FrP (4 stemmer), UAV (2 stemmer), SV (2 stemmer), INP (1 stemme)

Stemte mot parti: KrF (3 stemmer), SV (2 stemmer), MDG (1 stemme), H (1 stemme), AP (1 stemme)

Stemte for personar: Connie Steffenakk Bakke (AP), Ingunn Arnesen (AP), Jan Henning Egset (AP), Sverre Leivdal (AP), Bjørnar Fylling (FrP), Egil Berg (FrP), Elin Løvøy Wilhelmsen (FrP), Synnøve Mikkelsen Leirvik (FrP), Edvin Dale (H), Petter Espe (H), Sindre Rotevatn (H), Stein Gisle Monsholm (H), Ove Rand (INP), Hans Peter Eidseflot (SP), Ingrid Salt (SP), Ola Perry Saure (SP), Ottar Arve Bjørkedal (SP), Rebecca Riise Bjerknes (SP), Sølvi Dimmen (SP), Åsmund Seljeset (SP), Jan Erik Stokkeland (SV), Kari Aslaug Hasle (SV), Benedikte Holmberg (UAV), Finn Arne Follestad (UAV)

Stemte mot personar: Roger André Solheim (AP), Dan Helge Bjørneset (H), Anders Egil Straume (KrF), Henning Holsvik (KrF), Kirsti Oddhild Ytrestøl Kvakland (KrF), Henriette Hafsaas (MDG), Anne Karin Espe (SV), Gunnar Strøm (SV)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2026 - 109/26:

Volda kommunestyre finn ikkje å imøtekomme søknad om forskottering av spelemidlar til Volda Turn og Idrettslag Allidrett.

PS 47/26 Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane

Vedtak:

1.Volda kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefelleskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikkjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale.

Behandling:

Votering

Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), H (5 stemmer), AP (5 stemmer), FrP (4 stemmer), SV (4 stemmer), KrF (3 stemmer), UAV (2 stemmer), MDG (1 stemme), INP (1 stemme)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 26.05.2026 - 95/26:

1.Volda kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefelleskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikkssjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale.

PS 48/26 Lokal forskrift om utvida bandtvang på hund i Volda kommune

Vedtak:

Volda kommunestyre vedtek lokal forskrift om utvida bandtvang på hund i perioden 21. august t.o.m. 31. oktober, gjeldande på inn- og utmark i heile kommunen, etter § 6 pkt. e i hundelova. Grunngeving er omsynet til husdyr på beite.

Behandling:

Votering

Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), H (5 stemmer), AP (5 stemmer), FrP (4 stemmer), SV (4 stemmer), KrF (3 stemmer), UAV (2 stemmer), MDG (1 stemme), INP (1 stemme)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 26.05.2026 - 101/26:

Volda kommunestyre vedtek lokal forskrift om utvida bandtvang på hund i perioden 21. august t.o.m. 31. oktober, gjeldande på inn- og utmark i heile kommunen, etter § 6 pkt. e i hundelova. Grunngeving er omsynet til husdyr på beite.

PS 49/26 Samarbeid Volda og Ørsta

Vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til hovudretninga i arbeidet med utvida interkommunalt samarbeid mellom Volda og Ørsta slik det går fram av saka.
2. Kommunestyret prioriterer vidare arbeid med samarbeidsområda i fase 1:
 - a. vaksenopplæring og flyktningetenester
 - b. lønsfunksjon
 - c. legetenester og samfunnsmedisinske oppgåver
 - d. samarbeid om vederlagsutrekning
 - e. felles rutinar innan økonomi
3. Foreslåtte samarbeidsområde skal utgreiast nærare i ein konseptfase før det vert fatta endelege vedtak om etablering.
4. Kommunedirektøren vert beden om å setje i gang nødvendige forprosjekt og utgreiingar i samarbeid med Ørsta kommune.
5. Kommunestyret legg til grunn at samarbeid skal bidra til betre kvalitet i tenestene, redusert sårbarheit og meir effektiv ressursbruk over tid.
6. Kommunane har som mål å styrke samarbeidet om samfunnsutvikling og tenesteyting til felles beste for innbyggjarane våre.
7. Kommunane skal støtte opp om prosjekt som gir meirverdi og utløyser større potensiale enn det kommunane kan oppnå kvar for seg.

Behandling:

Forslag til vedtak:

Nytt forslag frå Sølvi Dimmen (SP):

Kommunane har som mål å styrke samarbeidet om samfunnsutvikling og tenesteyting til felles beste for innbyggjarane våre.

Kommunane skal støtte opp om prosjekt som gir meirverdi og utløyser større potensiale enn det kommunane kan oppnå kvar for seg.

Votering

Forslaget frå Sølvi Dimmen (SP) vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), AP (5 stemmer), H (5 stemmer), FrP (4 stemmer), SV (4 stemmer), KrF (3 stemmer), UAV (2 stemmer), INP (1 stemme), MDG (1 stemme)

Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), H (5 stemmer), AP (5 stemmer), FrP (4 stemmer), SV (4 stemmer), KrF (3 stemmer), UAV (2 stemmer), MDG (1 stemme), INP (1 stemme)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2026 - 110/26

1. Kommunestyret sluttar seg til hovudretninga i arbeidet med utvida interkommunalt samarbeid mellom Volda og Ørsta slik det går fram av saka.
2. Kommunestyret prioriterer vidare arbeid med samarbeidsområda i fase 1:
 - a. vaksenopplæring og flyktningetenester

- b. lønsfunksjon
 - c. legetenester og samfunnsmedisinske oppgåver
 - d. samarbeid om vederlagsutrekning
 - e. felles rutinar innan økonomi
3. Foreslåtte samarbeidsområde skal utgreiast nærare i ein konseptfase før det vert fatta endelege vedtak om etablering.
 4. Kommunedirektøren vert beden om å setje i gang nødvendige forprosjekt og utgreiingar i samarbeid med Ørsta kommune.
 5. Kommunestyret legg til grunn at samarbeid skal bidra til betre kvalitet i tenestene, redusert sårbarheit og meir effektiv ressursbruk over tid.

PS 50/26 Høyringsvar til forskrift om minimumskrav til nullutsleppsløysingar og biogass ved offentlege anskaffingar av bygge- og anleggsarbeid

Vedtak:

Volda kommunestyre godkjenner vedlagte høyringsvar knytt til ny forskrift om minimumskrav til nullutsleppsløysingar og biogass ved offentlege anskaffingar av bygge- og anleggsarbeid, med følgjande tillegg og endring:

Endring pkt 4.

nytt kulepunkt:

Kommunestyret meiner i utgangspunktet at forskrifta ikkje bør innførast slik det vert lagt opp til. Det vil føre til auka byråkrati og auka kostnader for kommunane.

Endring andre kulepunkt:

Dersom ein likevel vel å innføre forskrifta, bør den ikkje innførast før 1. januar 2030.

Høyringsvaret sendast til Miljødirektoratet og Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) innan høyringsfristen.

Behandling:

Forslag til vedtak

Nytt forslag frå Ola Perry Saure (SP):

Endring pkt 4.

nytt kulepunkt:

Kommunestyret meiner i utgangspunktet at forskrifta ikkje bør innførast slik det vert lagt opp til. Det vil føre til auka byråkrati og auka kostnader for kommunane.

Endring andre kulepunkt:

Dersom ein likevel vel å innføre forskrifta, bør den ikkje innførast før 1. januar 2030.

TREKT - Nytt forslag frå Henning Holsvik (KrF):

1. *Tilleggspunkt under punkt 1, Generelle merknader:*

Volda kommune meiner sentrale myndigheiter må sørge for at infrastruktur for elektrisitet og biodrivstoff vert prioritert i distrikta. Skal det vere gjennomførbart for kommunane å følge slike minimumskrav, må infrastrukturen, og tilgangen på nullutsleppsdrivstoff tillate dette.

2.

Andre former for utsleppsfrie og utsleppsreduerte drivstoff, inkludert hydrogen, biodiesel, etanol, e-fuel m.m må inkluderast i arbeidet med nullutsleppsløysingar.

3.

I arbeidet med nullutslepp i bygge og anleggsarbeid bør staten vurdere støtteordningar for ombygging av eksisterande maskinpark for aktørar. (Sjå konvertering av fossil til LPG/bio-LPG)

Eit viktig steg på nullutslepp vil vere å utnytte den fossile maskinparken som fortsatt har lang levetid igjen. Å bruke co2 reduserte drivstoff, som t.d propan framfor diesel. (omlag 10- 15 % reduserte co2 utslepp vs fossil) vil difor ha snarlig effekt, uten å gi urimelig økonomisk byrde på entreprenørar.

4.

Det må takast omsyn til totale utslepp over tid og total tidsbruk på prosjekta. Den tida anleggsmaskiner er ute av drift i anleggstida grunna lading gjer at ein enten må ta inn fleire maskiner, og prosjekt kan ta lenger tid . Dette vil gjer prosjekt dyrare. Det må vere muligheiter for dispensasjon frå minimumskrava dersom det medfører urimelig auke i kostnad og tidsbruk.

5.

Den økonomiske situasjonen i kommunane er særst trang og krevjande. Volda kommune kan ikkje tilrå ei forskrift som vil auke kostnadane for anskaffingar av bygge- og anleggsarbeid. Å påføre fleire fordyrande ledd for entreprenørar og aktørar vil trulig bidra til ei generell prisauke i bygningsbransjen.

Dette gjeld også for fylkeskommunane og for statlige aktørar.

Behandling

Votering

Forslaget frå Ola Perry Saure (SP) fekk 27 stemmer og vart vedtatt, 5 stemmer mot.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), H (5 stemmer), AP (5 stemmer), FrP (4 stemmer), KrF (3 stemmer), UAV (2 stemmer), INP (1 stemme)

Stemte mot parti: SV (4 stemmer), MDG (1 stemme)

Henning Holsvik (Krf) trekte forslaget sitt.

Innstillinga frå formannskapet fekk 30 stemmer og vart vedtatt, 2 stemmer mot.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), H (5 stemmer), AP (5 stemmer), FrP (4 stemmer), SV (4 stemmer), UAV (2 stemmer), KrF (1 stemme), MDG (1 stemme), INP (1 stemme)

Stemte mot parti: KrF (2 stemmer)

Stemte for personar: Connie Steffenakk Bakke (AP), Ingunn Arnesen (AP), Jan Henning Egset (AP), Roger André Solheim (AP), Sverre Leivdal (AP), Bjørnar Fylling (FrP), Egil Berg (FrP), Elin Løvøy Wilhelmsen (FrP), Synnøve Mikkelsen Leirvik (FrP), Dan Helge Bjørneset

(H), Edvin Dale (H), Petter Espe (H), Sindre Rotevatn (H), Stein Gisle Monsholm (H), Ove Rand (INP), Henning Holsvik (KrF), Henriette Hafsaas (MDG), Hans Peter Eidseflot (SP), Ingrid Salt (SP), Ola Perry Saure (SP), Ottar Arve Bjørkedal (SP), Rebecca Riise Bjerknes (SP), Sølvi Dimmen (SP), Åsmund Seljeset (SP), Anne Karin Espe (SV), Gunnar Strøm (SV), Jan Erik Stokkeland (SV), Kari Aslaug Hasle (SV), Benedikte Holmberg (UAV), Finn Arne Follestad (UAV)

Stemte mot personar: Anders Egil Straume (KrF), Kirsti Oddhild Ytrestøl Kvakland (KrF)

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommunestyre godkjenner vedlagte høyringssvar knytt til ny forskrift om minimumskrav til nullutsleppsløysingar og biogass ved offentlege anskaffingar av bygge- og anleggsarbeid.

Høyringssvaret sendast til Miljødirektoratet og Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) innan høyringsfristen.